

RAUSTEIN

Gnr 58

Den minste garden

Du er no i Raustein, den minste garden i Randaberg på berre 360 mål. Namnet kjem frå ein eller fleire raude steinar, som truleg låg i det vestre tunet. I dag er det tre gardsbruk i Raustein, medan det i eldre tider var to. To av gardane i dag ligg ved det vestre tunet. Det austre ligg nær Brannsvarden. Her var det tidlegare tre gravhaugar, truleg mellom 1500 og 1800 år gamle, men dei blei fjerna under siste krigen, då tyskarane bygde ein bunker på Brannsvarden. I dag er også bunkeren fjerna.

Steinen ”yngler”

Nær sjøen, i vest på garden ligg det ein liten gravhaug, truleg frå tida 300 – 500 e.Kr. I berget mellom gravhaugen og sjøen er det kring 30 offergroper, framleis godt synlege. Rundt 200 meter frå sjøkanten ligg ein markert morenerygg, rinnå. Det er mykje stein og blokker i jorda i Raustein, og steinen ”ynglar” framleis. Berggrunnen som stikk opp her er for det meste fyllitt, men også med innslag av gneis.



På grunn av fjell og eigedomsgrenser var jorda tidlegare oppdelt i mange mindre teigar, med namn på kvar teig. Desse namna fortel også historie. Mellom anna ligg ”Stemmen” i vest like ovanfor Rinnå. Her var det ei lita demning, ein stem, og vassfallet blei brukt til ei kvern.

Våren kjem først til Raustein


Bøndene i Raustein var til godt innpå 1950-talet fiskarbønder, som fiska på mange slag fisk og på hummar. Laksefisket har langt over 100 år med historie.

I strandkanten finn du namn som Hamraberget, Skrydeberget, Skarvasteinen og Laksa-steinen. I sjøen utanfor finn du både Kobbasteinen, Tvillingane, Torkel, Triboane, Mot-orbåtsteinen og Fleskaryggen. I taretaket fann bøndene gjødsel i ei tid då det var lite av det slaget.

Stavanger Aftenblad siterte for nokre tiår sidan ein kjend ”vêrman”: ”Våren i Noreg kjem først til Randaberg, og i Randaberg kjem han først til Raustein”. Sola stikk tidleg her, sørvendt mot Vistevika, og all steinen er godt for noko, han varmar jorda.



Bumerker tilhøyrande garden Raustein



**Randaberg
kommune**